UNIVERSITETET I BERGEN
Det juridiske fakultet

Styre: Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet
Styresak: 42/16
Møtedato: 07.06.2016
Journalnummer: 2015/13049

UTKAST TIL NY STRATEGI FOR FAKULTETET 2016-2022

Med dette legges utkastet til ny strategi for fakultetet fram for vedtak i fakultetsstyret. Strategiutkastet ble behandlet i FU og SU i separate møter 24.05. Vedtakene fra utvalgene følger på slutten av saksframlegget.

Kort om prosessen:

I fakultetsstyret 27. oktober 2015 ble mandatet for strategiprosessen vedtatt. Arbeidsgruppen fikk følgende sammensetning: Berte-Elen Konow (leder), Jørn Jacobsen (gruppe A), Sigrid Eskeland Schütz (gruppe A), Lars Kvestad (gruppe B), Birgit Falch (gruppe C), Sigrid Haugros (gruppe C), Tommy Flesland (gruppe D). Arbeidsgruppen startet sitt arbeid i januar 2016.

Arbeidsgruppen har arbeidet etter følgende fremdriftsplan:
2015:
- 27. oktober: mandat for strategiprosessen vedtatt i fakultetsstyret

2016:
- 8. februar: Kick-off i Universitetsaulaen (47 av fakultetets ansatte deltok)
- 11. mars: møte med forskergruppelederforumet
- 18. mars: møte med administrasjonen
- 20. april: utkast til ny strategi presentert på møte for alle ansatte
- 20. april – 11. mai: høringsperiode
- 11. mai: høringsfrist
- 24. mai: behandling av strategiplanen i henholdsvis FU og SU
- 7. juni: behandling i Fakultetsstyret

I samråd med fakultetsledelsen og føringene i mandatet, har arbeidsgruppen valgt å legge seg tett opp til satsningsområdene i UiBs strategi «Hav-Liv-Samfunn», 2016-2022. Dette gjelder særlig tiltak knyttet til tverrfaglighet, og en dreining mot forskning som er innrettet mot å løse de store samfunnsutfordringene. Det anbefales at UiBs tre strategiske satsningsområder; marin forskning, forskning innen klima og energiomstilling og de globale samfunnsutfordringene, skal synes igjen i fakultetets prioriteringer i den kommende strategiperioden. Samtidig har arbeidsgruppen ønsket å være tydelig på at fakultetets forskningsvirksomhet skal verne om rettsvitenskapens egenart. Innen utdanningsfeltet foreslår arbeidsgruppen mål og tiltak som vil kunne fungere uavhengig av utfallet av det pågående arbeidet med ny studieordning.

Arbeidsgruppen har også valgt å utforme mål og tiltak knyttet til utvikling av organisasjonen. Dette har sin bakgrunn i resultatene fra ARK-undersøkelsen ved fakultetet 2015 (arbeidsmiljøundersøkelse blant de ansatte), og diskusjoner på Kick-off 8. februar. Her pekes det på at fakultetet har vokst i størrelse og omfang de siste årene, samtidig som det erkjennes at endringer i rammevilkår kan sette nye premisser for fakultetet. Arbeidsgruppen anbefaler derfor at det tidlig i strategiperioden settes i gang et organisasjonsutviklingsprosjekt som belyser ulike sider av virksomheten.

Etter at utkastet ble presentert på allmøtet 20. april, har arbeidsgruppen satt inn et nytt tiltak med anbefaling om at fakultetet skal tilrettelegge for at det blir etablert et LLM-program. Dette var ved en inkurie falt ut av utkastet som ble presentert på allmøtet.

Innspill:

I perioden etter allmøtet 20. april, har arbeidsgruppen mottatt 8 skriftlige innspill. Noe har dreiet seg om rene formuleringer og ordskrivning, mens andre ting har vært av mer substansiell karakter. En generell tilbakemelding er at strategien inneholder mange gode forslag, og at man kan stille seg bak de ulike virkemidlene.

Arbeidsgruppen har foretatt en grundig gjennomgang av alle innspillene, og flere av innspillene er inkorporert i det siste utkastet.

I et par av innspillene etterlyses det konkretiseringer og tydeligere føringer. Under utforming av strategien har arbeidsgruppen hatt en bevisst holdning til hva som skiller en strategi fra en handlingsplan. Arbeidsgruppen har vært opptatt av at strategien skal fungere som et overordnet styringsdokument som gir en tydelig retning. Målet er at strategiplanen skal være så konkret at den kan brukes som et styringsdokument for fakultetsstyret og fakultetsledelsen, men at den ikke skal brytes ned til detaljer om hvordan virkemidlene skal følges opp og organiseres.

Når strategien er endelig vedtatt i fakultetsstyret, vil arbeidet starte med å utforme konkrete handlingsplaner knyttet til de ulike satsningsområdene i strategien. I slike handlingsplaner vil de ulike satsningsområdene bli operasjonalisert og brutt ned til klare tiltak, med tidsfaser og ansvarsfordeling.

Perioden fram til 2022 er lang, og det kan skje endringer som innebærer at enkelte mål og tiltak må revurderes. I tråd med mandatet for strategiarbeidet, skal «*strategien heller ikke være til hinder for at fakultetsstyret kan endre eller utpeke nye satsningsområder i løpet av strategiperioden*.» I 2019 skal UiB invitere ansatte og studenter til en gjennomgang og evaluering av virkemidler og tiltak i strategien «Hav-Liv-Samfunn». Det vil være naturlig at fakultetet foretar en tilsvarende gjennomgang av sin egen strategi.

Behandling i FU 24.05.:

FU uttaler:

«*FU vil fremheve tre forhold ved strategiplanen som etter FU sitt syn fortjener særlig oppmerksomhet i styrets diskusjon.*

Planen identifiserer forskning inne marin forskning, forskning innen klima og energiomstilling samt forskning knyttet til store globale samfunnsutfordringer som kjerneområder fremover. Det legges i planen til grunn at dette skal være styrende for fakultetets prioriteringer. Miljøene ved fakultetet som kan sies å per i dag arbeide innenfor disse områdene er, noe avhengig av definisjon av særlig det siste, begrensede. Styret bør ta stilling til om satsing på disse området skal skje gjennom en omdisponering ved at en bygger ned eksisterende miljø for å bygge opp disse miljøene, eller om en med mildere virkemidler tar sikte på å stimulere eksisterende miljø til å så langt som mulig orientere seg mot disse satsingsområdene.

Strategiplanen bør videre inneholde noe om hvordan en skal behandle tidligere satsinger som nå faller utenfor kjerneområde for de nye satsingsområdene. Blant annet fakultetets nye satsing mot skatterett og satsingen mot markedsrettet (BECCLE) må i betydelig grad vris for å gi et bidrag mot de nye satsingsområdene. Det samme gjelder fakultetets søknad om midler fra Bergen forskningsstiftelse knyttet til politi- og påtalerett. Uten slik vridning kan ikke forskningsdelen av planen forsvare at fakultetet videreføre satsingene. Også fakultetets store fagmiljø innen straffe- og menneskeretter synes per i dag i begrenset grad ha en orientering i den foreslåtte retning, og styret bør diskutere om det foreligger tilstrekkelig emnemessig potensial for vridning.

Det følger videre av planen at det skal arbeides for å skape fagmiljø i verdensklasse. Styret bør ta stilling til prosess rundt utpekelse av et eller flere slike miljø. For at dette skal lykkes bør valg av miljø være resultat av en betryggende prosess.»

Behandling i SU 24.05.:

SU uttaler:

«Studieutvalget slutter seg til forslaget. Det gjøres imidlertid oppmerksom på at det allerede ligger til rette for at studentene skriver masteroppgaver på engelsk, og det foreslås at setningen (på side 5) «Det bør leggast til rette for skriving av masteroppgave på engelsk.» erstattes med «Fakultetet skal oppmuntre og motivere studentane slik at fleire vel å skrive masteroppgåva på engelsk.»

I samsvar med ovennevnte orientering og uttalelse fra FU og SU 24.05.16, inviterer dekan og fakultetsdirektør fakultetsstyret til å gjøre følgende

vedtak:

1. Fakultetsstyret vedtar utkastet til ny strategiplan i samsvar med merknader fra FU og SU og eventuelle merknader som fremkommer i styremøtet.

2. Dekan gis fullmakt til å utarbeide det endelige strategidokument som vedtas ved sirkulasjon i etterkant av styremøtet.

Asbjørn Strandbakken
dekan

Øystein L. Iversen
fakultetsdirektør

24.05.16/BIF

STRATEGI 2016-2022

FOR DET JURIDISKE FAKULTET, UNIVERSITETET I BERGEN

(Vedtatt av fakultetsstyret dd.mm.yyyy)

Juridisk fyrtårn - regionalt, nasjonalt og internasjonalt

Samfunnsoppdrag og verdigrunnlag

Dei sentrale oppgåvene til Det juridiske fakultet er å drive rettsvitskapeleg forsking og utvikling av faget, utdanne juristar, og formidle kunnskap om retten og rettsstaten til samfunnet. Heile verksemda vår skal vere prega av høg kvalitet, og ho skal vere innovativ og framtidsretta. Organisasjonen skal vere prega av kompetanse, samarbeid, initiativ og mot.

Gjennom rettsvitskapeleg forsking utviklar Det juridiske fakultetet kunnskap om retten og deler kunnskapen med samfunnet kring oss. Kompetansen ved fakultetet gjev grunnlag for å løyse dei oppgåvene vi har - lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Kunnskapen let oss utdanne juristar for framtida og gjere dei førebudde på å verke til beste for samfunnet som kunnskapsrike og ansvarlege juristar. Studentane skal få ta del i begeistring for faget, i spanande diskusjonar og verte utfordra til å ta eigne steg i eiga forsking eller anna juridisk verksemd.

Kompetansen set oss i stand til å vere ein verdfull premissleverandør og samarbeidspartnar for dei regionale og nasjonale institusjonane som skal forme og forvalte retten i samfunnet.

Vår kompetanse og kunnskap set oss i stand til å drive formidling av høg kvalitet og bidra til ein opplyst offentleg samtale om retten, rolla han har i samfunnet og korleis retten kan tene både demokratiet og deltakarane i det.

Det juridiske fakultet tuftar verksemda si på eit trygt og attraktivt miljø der alle kjenner både ansvar og høve til å bidra til å løyse samfunnsoppdraga. Det skal gjevast kollegial og institusjonell støtte til stadig å forbetre seg sjølv og å høgne kvaliteten på verksemda til fakultetet. Fakultetet skal utføre samfunnsoppdraget gjennom effektiv, etterretteleg og kunnskapsbasert drift og forvalting.

Dei akademiske ideala er grunnlaget for all vår verksemd. Vi skal ansvarleg verne om og gjere bruk av vår akademiske fridom og faglege autonomi. Vi skal bruke den til å ta oss alle vidare, til å vere nyskapande, til å sjå det som ikkje er lett synleg, til å stille kritiske spørsmål og til å arbeide med rettsvitskap for å få eit klokare og betre samfunn. Forskingsverksemda skal verne om rettsvitskapens eigenart.

Forsking i front

Overordna mål

Forskinga ved fakultetet skal vera av høg fagleg kvalitet, og verte utført av nyfikne, modige og initiativrike forskarar. I løpet av strategiperioden skal fakultetet ha fagmiljø av høg internasjonal standard. Det skal arbeidast for å skape fagmiljø i verdsklassen.

Delmål

Fakultetet skal drive innovativ **grunnforsking og anna forsking** av høg fagleg kvalitet. Fakultetet skal i løpet av planperioden få fram minst ein søknad til NFR om eit Senter for framifrå forsking (SFF), aleine eller i samarbeid med andre. Vidare skal fakultetet arbeide fram søknader knytt til Forskingsrådet og EU sine satsingar. I samband med dette vil fakultetet arbeide for at forskarane våre inngår i gode internasjonale forskingsnettverk. Forskingsaktiviteten skal vere i tråd med krava til organisering av forskinga, internasjonalt og regionalt samarbeid og fagleg nyskaping som er uttrykte i rammeplanane til UiB, NFR og EU.

Forskinga ved fakultetet skal **bidra til løysing av samfunnsoppgåver** både regionalt, nasjonalt og internasjonalt og ta del i å løyse dei problema som samfunnet og forskinga identifiserer som særleg viktige. Dei tre strategiske satsingsområda til UiB - **marin forsking, forsking innan klima og energiomstilling** og forsking knytt til dei **store globale samfunnsutfordringane** - skal synast igjen også i fakultetet sine prioriteringar i den komande strategiperioden.

Fakultetet si forskingsverksemd skal i større grad enn tidlegare satse på **tverrvitskapleg orientering**. Det er eit mål å gjere juridisk forsking relevant og synleg med tanke på å inngå i tverrvitskapleg forsking og då særleg opp mot UiB sine satsingsfelt og oppbygging av klynger. Det er eit mål at fagmiljøa ved fakultetet veks slik at vi i større grad kan bidra på desse arenaene.

Fakultetet skal styrke **forskingssamarbeidet med andre institusjonar i rettslivet**. Samarbeid og også formidling av forskinga vår skal bidra til omstilling, innovasjon og auka kompetanse. Fakultetet skal ta eit særskilt ansvar for utvikling av rettsleg kompetanse som styrkjer vår region.

Det skal satsast på **forskingsrekruttering** i strategiperioden. Fakultetet skal sikre forskingsbasert undervisning på masterstudiet, og det skal arbeidast med å vekke forskingsinteresse hjå studentane og førebu dei på ein slik karriereveg. I samband med utlysing av stillingar skal det takast omsyn til at forskingsbasert undervisning vert sikra også på lang sikt.

Det juridiske fakultet skal ha ei **forskarutdanning** av høg internasjonal kvalitet. Ph.d.kandidatar på fakultetet skal delta aktivt i lokale, nasjonale og internasjonale nettverk. Ph.d.kandidatane skal trenast i å kunne presentere og diskutere prosjekta sine med internasjonale kollegaer. Fakultetet skal syte for at det jamleg vert halde kurs og seminar for dei som rettleier ph.d.-kandidatane, og følgje opp og implementere dei tiltaka knytte til opplæring av rettleiarar som UiB bestemmer.

Forskingsaktiviteten ved fakultetet skal verke i form av samarbeid mellom enkeltpersonar, forskingsprosjekt og forskargrupper. Vi skal vidareutvikle forskargruppene som ein av fleire arenaer for fagleg utvikling.

Særlege tiltak for å oppnå måla

Fakultetet skal vidareutvikle kompetansen vi har knytt til dei store globale samfunnsutfordringane og marin forsking. Det vil tidleg i strategiperioden vere særskilt naudsynt å styrke forskinga innan **klima, energiomstilling og miljørett** i vid forstand. Ei slik styrking er naudsynt for at Det juridiske fakultetet skal kunne delta med styrke i UiB sine satsingar, og for å kunne bidra som partnarar i søknader om ekstern finansiering. Styrkinga er også naudsynt for at fakultetet skal kunne utdanne juristar som i framtida vil kome til å arbeide med slike spørsmål i større grad enn dagens juristar.

Fakultetet skal støtte opp under **tverrvitskapeleg forsking** ved å styrke kontakten med andre forskingsmiljø, særleg ved UiB. Fakultetet skal sette inn ressursar for å kome tidlegare inn i prosessen både ved utforming av forskingsprosjekt og søknader. Det skal leggast til rette for at forskarar og forskingsadministrasjon kan ha eit tett samspel. Vi skal oppmuntre til, og legge til rette for å utvikle forskingsprosjekt på tvers av juridiske fagdisipliner. Det same gjeld samarbeid mellom rettsvitskapelege forskarar og forskarar frå andre fakultet.

Samfunnsoppdraget til Det juridiske fakultetet krev at undervisningstilbodet til ei kvar tid er forskingsbasert. **Undervisningsbehovet** vil framleis styre noko av forskingsaktiviteten ved fakultetet av di det er naudsynt å sikre, og somme tider ytterlegare styrkje, tilgjengeleg forskingskompetanse i dei faga som utgjer kjernen av utdanninga.

I strategiperioden skal fakultetet bidra til UiB si målsetjing om å syne relevansen av forskinga for samfunnet ved å **samarbeide tettare med viktige regionale aktørar** innan offentleg verksemd og næringslivet.

Høg kvalitet i forskinga vil vere eit grunnleggjande vilkår ved fordelinga av fakultetets ressursar. I konkurranse om tildeling av stillingar eller forskingsmidlar vil fakultetet vurdere i kva grad tiltaket fremjar måla til fakultetet. Det vil til dømes vere tilfelle om ein stipendiatstilling både byggjer kompetanse i eit undervisningsfag ein treng å styrke og samstundes bidrar med forsking innan klima eller miljørett i vid forstand.

Utdanning av juristar for morgondagen

Overordna mål

Fakultetet skal utdanne framtidas juridiske problemløysarar. Studietilbodet på fakultetet skal vere på linje med dei leiande i Europa. Fakultetet skal gje eit studieprogram og ein studiekvardag som utdannar studentane til kunnskapsrike og ansvarlege juristar som har kompetanse til å gå inn i dei ulike rollene som juristane kan ha. Våre kandidatar skal vere kjenneteikna av fagleg tryggleik, metodisk medvit og høg etisk standard.

Delmål

Fakultetet skal sikre eit studieprogram med klar indre samanheng og progresjon. Det må føreligge overordna perspektiv på utviklinga av undervisinga i dei einskilde faga. Fakultetet skal halde fram arbeidet med ei planstyrt og langsiktig utvikling av kvalitetshevande undervisingstiltak basert på evalueringar frå studentar og tilsette.

Studietilbodet til fakultetet skal til ei kvar tid vere **tufta på forsking.** Gjennom studiet skal studentane opparbeide seg ein solid juridisk kunnskapsbase, bygd på grunnleggande forståing for retten og dei viktigaste delemna i faget. Det skal leggjast til rette for at studentane får ta del i nye problemstillingar og innsikter. Det skal vere tydeleg for studentane kva forskingsperspektivet inneber for kurset.

UiB si satsing på **tverrvitskapeleg** aktivitet bør vise igjen også i juss-studiet. Studentane skal få kjennskap til relevante problemstillingar frå andre universitetsfag. På slike måtar kan vi møte samfunnet sitt behov for juristar som er vande med og forstår samarbeid med andre fagdisipliner. Slikt samarbeid er naudsynt for å løyse komplekse samfunnsproblem.

Det er også eit mål at forskingsfronten innan satsingsområda til UiB vert spegla i undervisninga. Studiet bør såleis til ei viss grad spegle UiB si satsing på **klima/energiomstilling, marin forsking og store globale samfunnsutfordringar**.

Studiet skal vere tufta på **gode og innovative pedagogiske verkemiddel**. Studentane skal sikrast **kvalifisert prøving** på alle nivå i studiet.

Studiet skal ha både ein klar **nasjonal og internasjonal dimensjon**. Det skal spegle og vidareføre regionen sin internasjonale tradisjon og stimulere til nysgjerrigheit og fagleg nyskaping gjennom impulsar frå utlandet. Innreisande studentar er ein ressurs som det i større grad kan trekkast vekslar på i undervisninga. Eit betre samspel mellom norske og utanlandske studentar legg grunnlaget for eit dynamisk og spanande læringsmiljø.

Fakultetet skal ha eit aktivt samarbeid med **juridisk sterke fagmiljø** og næringslivet **i regionen**. Samarbeidet skal kome studentane til gode i form av kunnskap om aktuelle problemstillingar og fakultetet skal legge til rette for mogelege praksis- og skriveplassar. Til dette føremålet skal fakultetet for strategiperioden styrkje kontakten med slike institusjonar i regionen med tanke på eit forbetra samarbeid. Det skal synleggjerast praktisk innretta mastertema som innbyr til at studentane får interesse for institusjonane.

Fakultetsleiinga skal vurdere om det i strategiperioden er tenleg å søkje om eit **Senter for Framifrå Utdanning (SFU)**. I alle høve skal dei parametrane for kvalitet som må møtast i ein SFU vere retningsgjevande for kvaliteten på undervisninga. Vår undervisning skal vere av høg, fagleg

kvalitet, vere eit førebilete i bruken av pedagogiske og digitale verkemiddel, spele på lag med solide eksterne fagmiljø og på denne måten utdanne kandidatar som er attraktive både på den norske og den internasjonale arbeidsmarknaden.

Leiinga skal i strategiperioden arbeide for at fakultetet får økonomisk utteljing for kvalitetshevinga av undervisningstilbodet. Økonomisk utteljing vil verke som ein ytterligare motivasjon for å halde fram med å betre kvaliteten i utdanninga, samstundes som gode økonomiske rammer er ein føresetnad for å kunne få gjennomført kvalitetshevande tiltak.

Særlege tiltak for å oppnå måla

Fakultetet skal legge til rette for at studentane får arbeide med forskingsperspektiv og -oppgåver. Allereie frå fyrste studieår skal det leggast vekt på å synleggjere gode og relevante forskingstema til masteroppgåver, og førebu dei til å gjere sjølvstendige vurderingar med tanke på val av emne til masteroppgåva.

Fakultetet skal i strategiperioden følgje opp initiativ teke av UiB om undervisningssamarbeid på tvers av fakulteta, og syte for at slikt samarbeid skjer til beste for utviklinga av jussen. Det kan til dømes vera tale om å samarbeide med andre fakultet om undervisning og/eller utvikling av masteroppgåver innan same overordna tema, men der studentar frå ulike fakultet arbeider saman.

Satsingsområda ved UiB bør i større grad integrerast i undervisningstilbodet. Særleg bør problemstillingar knytt til marin forsking, forsking innan klima og energiomstilling og forsking knytt til store globale samfunnsutfordringar synleggjerast for studentane. For å utdanne kandidatar som er aksla til å arbeide med slike utfordringar, må spørsmåla takast opp i dei enkelte faga. Erfaringane frå integreringa av menneskerettar og EØS-rett, kan tene som førebilete.

Fakultetet skal legge til rette for systematisk pedagogisk kompetanseutvikling og medviten bruk av digitale verkemiddel. Fakultetet vil arbeide hardt for framleis å liggje i tet i å bruke digitale verktøy i både forsking og i undervisninga. Fakultetet skal vere oppdatert, framtidsretta og innovativt i måten å drive undervisning og evaluering av studentane. Fagmiljøet og administrasjonen skal samarbeide tett å utvikle og bruke gode og framtidsretta løysingar.

I strategiperioden skal det stadig søkast etter forbetra måtar å sikre ei ressursadekvat og rettvis prøving. Fakultetet skal prøve ut nye vurderingsformer med god samanheng til undervisninga og sikre kvalitet i sensur og klagesensur. Det skal opnast opp for utprøving av og større variasjon i vurderingsformer på emne på 1-4 studieår og spesialemna. Det skal vurderast tiltak som bidrar til kompetanseheving og synleggjering av undervisingsopplegget for sensorane.

Fakultetet skal halde fram med å tilby utveksling med kvalifiserte institusjonar rundt om i verda. Porteføljen av utvekslingsavtalar skal sikre at våre utreisande studentar vel emne på eit nivå som svarar til kvar dei er i studieløpet sitt her heime. Det skal leggast til rette for andre former for internasjonalisering, til dømes utanlandsopphald som ein del av eit emne. Det skal leggast til rette for at studentane får trening i å relatere seg til internasjonale diskusjonar i løpet av studiet, og fakultetet skal vere innovativ i måtar å integrere internasjonale aspekt i studiet. Det bør leggast til rette for skriving av masteroppgåver på engelsk.

Fakultetet skal tilretteleggje for at det i løpet av planperioden blir etablert eit LLM-program.

Målretta formidling

Overordna mål

Forskarar på fakultetet skal vere i front med å formidle kunnskap om rettsreglane, rettsstaten og retten si rolle i samfunnet. Kunnskap om retten formidla breitt ut i samfunnet, bidreg til opplysing og saklege debattar. Slik formidling er viktig for utviklinga av demokratiet. Formidlinga skal òg synleggjere kva forskinga gjev tilbake til samfunnet. Vi skal vise at investering i forsking kjem samfunnet til gode. Slik bidreg formidlinga òg til å vise kor viktig den juridiske forskinga er i samfunnet.

Delmål

Forskarane på fakultetet skal formidle forskinga si på fleire arenaer. Forskingsresultata skal formidlast både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Fakultetet skal bidra til betre avgjerder ved å formidle kunnskap til politiske og rettslege institusjonar. Mediebidrag er sentrale for å nå ut i den offentlege debatten. For forskinga sin del er det viktig at vi tek del på universitetsarenaen og formidlar kunnskap om retten til forsking frå andre fagfelt.

Forskarane skal gjennom formidlinga synleggjere dei sterke fagmiljøa ved fakultetet. Fakultetet skal på ulike arenaer synleggjere våre framifrå forskarar, til dømes ved å nominere dei til ulike verv og prisar.

I kampen om dei beste studentane og dei beste forskarane, skal fakultetet stå fram som ein attraktiv arbeidsplass og ein forskings- og utdanningsinstitusjon som omverda forbind med kvalitet.

Særlege tiltak for å oppnå måla

Fakultetet skal i strategiperioden arbeide for å auke interessa for formidling hjå dei tilsette. Særleg unge forskarar og andre nye tilsette skal få insentiv og støtte til å gjere formidling til ein naturleg del av verksemda si.

Fakultetet har ein ambisjon om å lukkast med digital forskingsformidling. Mange av forskingsprosjekta våre vil vere godt egna til å kunne publiserast digitalt og på den måten nå ut til eit breitt publikum. Dragefjellet lærings- og formidlingssenter vil vere sentrale her. Fakultetet ønskjer å organisere dei eksisterande formidlingsressursane for å bidra til effektiv formidling på høgt nivå. Dette kan og innebere eit tettare samarbeid med Kommunikasjonsavdelinga ved UiB.

Ein organisasjon i utvikling

Overordna mål

Fakultetet skal ha ein organisasjon som til ei kvar tid er rigga for å drive forsking, utdanning, formidling og forvalting av høg kvalitet og som legg til rette for innovasjon. Fakultetet skal drive institusjonen vidare samstundes som vi aktivt skal vurdere om endringar i organisasjonen kan gje forbetringar. I den komande strategiperioden vil fakultetet bli stilt overfor nye rammevilkår og aukande resultatkrav knytt til forsking og utdanning. Tverrfagleg aktivitet innan forsking og undervisning vil kunne skape behov for nye organisasjonsløysingar.

Delmål

Fakultetets tilsette skal ha kollegial og institusjonell støtte til personleg og fagleg utvikling. Fakultetet skal profesjonalisere rolla som forskingsleiar og prosjektleiar. Fakultetet skal i eiga regi, eller i samspel med andre, utvikle program for dette.

Satsingsfelt, som tverrfagleg forsking, eksternfinansiering og internasjonalisering, skal utviklast i tett samspel mellom leiinga, vitskaplege og administrativt tilsette. Det skal finnast insentiv til å oppsøkje andre institusjonar for læring, pilotprosjekt og andre måtar å skape utvikling i forsking, undervising og i måten vi organiserer verksemda vår på.

Eit godt studietilbod er avhengig av eit godt samarbeid mellom undervisarar, administrasjon og studentane. Tiltak for i større grad å samordne undervisingsressursar og ein adekvat bruk av desse skal settast i verk. Det bør vurderast om det skal opprettast fagleg studieårsansvarlege.

Fakultetet skal utvikle eit betre og meir inkluderande sosialt fellesskap, blant anna ved å organisere jamlege faglege og sosiale møteplassar. Særleg nye tilsette skal inviterast inn i miljøet og få høve til å presentere seg og verksemda si for kollegaene, til dømes gjennom prosjektpresentasjonar eller andre bidrag. Det bør arbeidast for å finne ordningar, slik som fagpresentasjonar, debattar og liknande som bidreg til å skape intern utveksling av kunnskap, samarbeid og dynamikk i organisasjonen.

Særlege tiltak for å oppnå måla

I starten av strategiperioden skal det gjennomførast eit prosjekt for organisasjonsutvikling for å sjå korleis fakultetet best kan tilpassast nye rammevilkår og resultatkrav.